

8.



Advokatfirmaet Sigrun Pedersen
Postboks 168
5873 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13520 - 21/8921

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
09.02.2021

Førebels svar - mottatt klage på vedtak -dispensasjon frå plankrav- gbnr 322/45 Mjåtveit

Tiltak: fritak frå bygge og deleforbod
Byggjestad: Gbnr: 322/45
Tiltakshavar: Rune Rading
Ansvarleg søkjar: Advokatfirmaet Sigrun Pedersen

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 08.02.21.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen. Det nye vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av utvalet for areal, plan og miljø. Møtet vert halde via TEAMS og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i utvalet for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.

